

# Samtykkeskjema for føresette

## Koronavaksinering barn og unge

Frå den dagen ein fyller 5 år kan ein få koronavaksine.

- Barn og unge født i **2006-2009** kan få dose ein og to dersom dei og deira føresette ønsker det.
- Barn født i **2016-2010**, og dei som er født i **2017** og som har fylt 5 år, kan få første dose om føresette ønsker det. Dette tilbudet er mest aktuelt for barn med kroniske sjukdommar, barn i kontakt med sårbare personar, og barn som skal opphald seg eller flytta til land med høg smitterisiko eller dårlegare tilgang til helsetenester. Ved særskilde forhold, for eksempel reising til land som krev det, kan barnet få 2 dosar, men dette er ikkje nødvendig medisinsk sett.

Folkehelseinstituttet har i si vurdering framheva at koronavaksine kan ha positiv nytte. Risiko for alvorleg sjukdom i denne alderen er imidlertid liten, og behovet for vaksine for barn og unge er begrensa. Folkehelseinstituttet meiner likevel at det er riktig at det vert gitt moglegheit for vaksinering til dei som ønsker det.

### Om covid-19

Covid-19 gir i hovudsak luftvegsinfeksjon, men det kan også vera andre symptom. Høg alder og vaksne med kroniske sjukdomar har størst risiko for å få alvorleg covid-19 sjukdom. Barn som vert sjuke har som regel eit lett forløp med milde og kortvarige luftvegssymptom. Ungdom får oftare meir generell sjukdomsfølelse, hodepine og muskelsmerter. Risiko for alvorleg sjukdom hjå barn og ungdom er låg, også for dei som har underliggende sjukdom. Likevel er det grupper av barn/ungdom som kan ha høgare risiko enn andre på same alder, eller som er spesielt sårbare for luftvegsinfeksjonar generelt.

### Om vaksinen

**Comirnaty® (BioNTech og Pfizer) er ein mRNA-vaksine. Vaksinen inneheld ikkje levande virus og kan ikkje gje koronainfeksjon. Vaksinen er godkjent til bruk frå 5 år. For personar under 18 år vert dosane gitt med 8–12 vekers intervall.**

Dei aller fleste bivirkningane oppstår 1–2 dagar etter vaksinasjon, er milde/moderate og går over etter nokre dagar. For nokre vil symptoma vera meir kraftige. Denne vaksinen ser ut til å gi meir av dei vanlege bivirkningane enn det man er vant til for andre vaksiner. Dei vanligaste bivirkningane er smerter og hevelse på injeksjonsstaden, trøttheit, hodepine, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Allergiske reaksjonar førekjem hjå enkelte. Det er god kunnskap om vanlege bivirkningar etter vaksinasjon, men sjeldne bivirkningar kan ikkje utelukkast. Meir informasjon om Comirnaty-vaksinen på [fhi.no](https://fhi.no).

### Før vaksinasjon

Gi beskjed dersom ungdommen har hatt ein alvorleg allergisk reaksjon så vaksinatøren kan ta nødvendige førehandsreglar. Det er vanlig å utsetta vaksinasjon ved akutt sjukdom og ved feber over 38 grader.

# Samtykke

Ved delt foreldreansvar må begge samtykke til vaksinerings av barnet/ungdommen:

Barnets navn:

Fødselsdato:

**Jeg/vi ønsker at barnet mitt/vårt barn vaksineres mot covid-19:**

Foresatte med foreldreansvar:

Foresatt 1: Fullt navn (skriv tydelig):

Foresatt 1: underskrift:

Telefonnummer:

Foresatt 2: Fullt navn (skriv tydelig):

Foresatt 2: underskrift:

Telefonnummer:

Ev. informasjon om barnet til vaksinatør: